



Jnr. 1107.16  
GJG/rr

Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen  
Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

### **E39 FERJEFRI KYSTSTAMVEG – STORD -OS**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i mange år løfta fram for departement, regjering og komitear på Stortinget, kor viktig realisering av E39 ferjefri kyststamveg vil vera for Sunnhordland, Hordaland og resten av Vestlandet.

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 har vore og er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Ferjefri kyststamveg er heilt sentral i utviklinga av Sunnhordland og Samarbeidsrådet meiner at fokus no må vera å få fortgang på alt nødvendig planarbeid og sikring av finansiering av prosjektet.

Samarbeidsrådet arbeider for at flest mogleg tilførselsvegar til E39 vert klassifisert som overordna. Dette er arbeid som skal gjerast i høve til Regional transportplan for Hordaland. Å avkorta reisetida mellom Kvinnherad og Stord, med fokus på tilknytning til E39 er svært viktig for utvikling av Sunnhordland, det same er traseval over Langenuen. Det er òg viktig å planlegge for fast vegsamband frå Austevoll med påkopling til E39.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber Samferdselsministeren om å få fortgang i planarbeidet og sikra finansiering av prosjektet.

Sunnhordland, 22. september 2016

Wenche Tislevoll  
styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*

**Kopi: Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune**

Regionrådet for kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes

A Postboks 444, 5403 Stord | T 53 45 67 90 | Orgnr. 971 492 910 | E firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no | W samarbeidsraadet-sunnhordland.no